

Ønskjer god jul – og oppsummerer året

24.12.2012



(Foto: Kristian Hus/HusnesNett)

– Julehøgtida kan for mange vera vanskeleg – av ulike årsaker – så i desse dagar tenkjer eg spesielt på dykk, skriv ordførar Synnøve Solbakken i julehelsinga si til oss kvinnheringar.

Samtidig oppsummerer ho året som snart er slutt og slår fast at 2012 trass alt har vore eit godt år for Kvinnherad kommune.

Gode Kvinnheringar!

I år har den kommunale økonomien fått ekstra stor merksemd. Stort underskot på drifta i 2011 må no dekkast inn, og for å unngå nye overskridinger har kommunestyret vedteke å redusera drifta med 70 millionar kroner på tre år.

Dette greier me ikkje utan at det må gjerast vanskelege vedtak om kraftige driftsreduksjonar. Spesielt gjeld dette skulane og pleie og omsorg, som nytta langt meir enn det staten dekkar.

For meg personleg var det ekstra vanskeleg å gå for nedleggjing av Varaldsøy aldersheim. Men skal vi få økonomi til å byggja ut Rosendalstunet, var det dessverre umulig å unngå dette.

Respekt

Alle kommunale verksemder har fått merka kraftige budsjettnedskjeringar, og alle har teke utfordringa på ein framifrå måte. Så langt ser det ut til at ein på eitt år har makta å redusera drifta med over 25 millionar kroner. Det har vi makta utan at dette i vesentleg grad har gått ut over brukarane. Slik innsats frå dei tilsette står det respekt av.

Trass i økonomiske vanskar i kommunen, har det også dette året skjedd mykje positivt. Nye store bygg har reist seg både på Valen, på Husnes, i Uskedalen og i Rosendal, medan Torgplassen på Husnes er blitt utvida. Bustadhús og hytter har kome i mange bygder, og planane om ytterlegare utbyggjing er mange.

Kommunedelplanen for Ølve/Hatlestrand/Varaldsøy utløyste stor aktivitet med fleire hytteområde. Planen for Troppo (Ølve) vart vedteken i sommar og er den største med ca 120 hytter. I hamneområdet (Bolandsvågen) er det under utarbeidning ein ny plan med bustader og forretning, samt ei betydeleg utviding av båthamna.

Varaldsøy

På Varaldsøy er arbeidet med planleggjring av ny ferjekai godt i gang, nett no er det alternative lokaliseringar som er i fokus.

På Halsnøy utløyste ny kommunedelplan, og ikkje minst Halsnøytunnelen stor aktivitet med utbyggjing og planar både for bustader, hytter og næring.

Store delar av næringslivet går godt, fleire har sikra seg nye kontraktar og søker etter fleire tilsette. Spesielt godt går det for den delen som rettar seg mot oljesektoren og skipsbyggjing, men samtidig er kommunen mellom dei fremste i verda på redningsutstyr til havs.

Også når det gjeld småkraftverk har kommunen ei sentral rolle, då Energi Teknikk AS er mellom dei største i landet. Samtidig er SKL i gang med ny utbyggjing i Blådalen, og dei ser ikkje bort frå at det kan bli meir satsing i Kvinnherad.

SØRAL

Etter iherdig innsats har ein endeleg makta å få på plass Co2-kompensasjonsordning for Sør-Norge Aluminium AS. Bedrifta har også sikra seg ny langsiktig straumkontrakt, og så snart marknaden blir betre er det dermed håp om oppstart av B-hallen og full drift ved hjørnestensverksemda vår.

Sjølv med halv produksjon og færre tilsette ved SØRAL har talet på arbeidsplassar auka, det er få som er utan arbeid og folketalet i kommunen held seg framleis stabilt. Med centralisering i landet er det ikkje sjølv sagt med ei slik utvikling.

Også på samferdselssida har det gått på fram, med fleire avgangar og nattferje på sambandet Årsnes – Varaldsøy – Gjermundshamn, opning av Jondalstunnelen, godkjenning av plan for Fjelbergsambandet og vidare trafikksikring og vegutbetring på Løfallstrand og på Halsnøy.

Noko manglar framleis

Framleis er det manglar, spesielt på ferjesambandet mot Stord, men også her er det blitt jobba for å få støtte for ei meir framtidsretta løysing. Samtidig er det godt håp om at også snøggbåtsambandet, spesielt mot Stord og Bergen skal bli betre i året som kjem.

Eg vil takka alle i Kvinnherad kommune for arbeidet de gjer. Spesielt vil eg nemna alle som deltek i det frivillige arbeidet, det betyr mykje, og de er med og gjer Kvinnherad til ein god stad å bu og koma til.

Julehøgtida kan for mange vera vanskeleg – av ulike årsaker – så eg tenkjer spesielt på dykk i desse dagar!

God jul og godt nytt år til alle!

**Synnøve Solbakken
ordførar**